



Byggmester Nils J Solend AS  
Nils Solend  
Stølen 12  
5911 ALVERSUND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/7471 - 22/18213

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:  
03.03.2022

## Mellombels bruksløyve for tilbygg og bruksendring - gbnr 137/327 Alver

**Administrativt vedtak:** Saknr: 234/22  
**Tiltakshavar:** Rune Andre Iversen  
**Ansvarleg søkjar:** Byggmester Nils J Solend AS  
**Søknadstype:** Søknad om mellombels bruksløyve

### VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for oppføring av tilbygg, bruksendring frå to til ei bueining og garasje på følgjande villkår:

1. Mellombels bruksløyve gjeld følgjande del av tiltaket: Tilbygg og bruksendring frå to til ei bueining
2. Ferdigstest skal liggja føre innan 31.12.2022.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka 05.05.2020.

Mellombels bruksløyve gjeld tilbygg og bruksendring frå to til ei brukseining.

Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk. Følgjande arbeid står att:

1. Garasje

Ansvarleg søkjar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 31.12.2022.

Det vert elles vist til søknad mottatt 06.01.2022 og supplerande dokumentasjon seinast mottatt 02.03.2022.

## VURDERING

Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for tilbygg og bruksendring.

## Skildring

Adresse:	Risdalen 3
Bygningstiltak:	Tilbygg og bruksendring frå to til ei brukseining
Bygningsnummer:	176 247 029
Bruksareal:	305 m <sup>2</sup>
Avløp:	Offentleg
Vatn:	Offentleg
Tal på røykløp:	0

## Oppfølging av mellombels bruksløyve

Dersom søknad om ferdigattest ikkje ligg føre innan opplyst frist skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling. Pålegg om ferdigstilling kan gjennomførast ved sanksjoner.

Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve.

## Regelverk

- Krav til sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Kommunen kan gje mellombels bruksløyve før ferdigattest, jf. pbl § 21-10 tredje ledd.
- Kommunen skal følgje opp mellombels bruksløyve som er gått ut på dato og eventuelt gi pålegg om ferdigstilling, jf. pbl kapittel 32.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

## Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

## Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/7471

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Rune Andre Iversen	Risdalen 3	5911	ALVERSUND
--------------------	------------	------	-----------

**Mottakarar:**

Byggmester Nils J Solend AS	Stølen 12	5911	ALVERSUND
-----------------------------	-----------	------	-----------